

Rosendal/Uskedal jenter 02/03 vann 0-2 over NBK

21.04.2018



Jentene i oppvarming før kamp.

**Rosendal/Uskedal jenter 02 spelte i dag sin første seriekamp for sesongen mot Nordhordland (NBK) i Knarvik. Laget var dessverre redusert på grunn av skadar og sjukdom og måtte få hjelp av 3 jenter fra Rosendal 04. Til tross for dette klarte jentene å vinna kampen 0-2.**

Spelarane frå J04 laget til Rosendal som stilte på kort varsel var Siri Furdal, Emma Øen Klette og Sara Enæs. Jentene fekk ei stor oppgåve sidan laget berre hadde med 12 spelarar. Takka vera deira innsats vart dette ein strålende dag for J02/03 laget.

Som jentene har vist før så står dei løpet og vel så det. Rosendal/Uskedal var klart best i første omgang men klarte dessverre ikkje å setja ballen i mål. Med litt flaks kunne Rosendal/Uskedal leda med både 2 og 3 mål til pause.

Etter ein god prat i pausen, gjekk det berre 9 minuttar ut i 2. omgang før Rosendal/Uskedal sette ballen i mål. Det var Thea Taranger som spelte Emma Øen Klette fint gjennom og ho sette ballen i ein fin bøge over NBK sin keeper til stillinga 0-1 for Rosendal/Uskedal.

Jentene pressa på, men NBK er frampå med nokre farlege cornerar i 2. omgang. Men den lånte keeperen frå J04 laget Sara Enæs, vare fleire gonger ute i feltet der ho opptrødde som ein erfaren keeper på dette nivået.

I det 79 minutt er igjen Thea Taranger med ballen og spelar gjennom til Silje Soldal, som tar ballen med seg og setter den kontrollert til side for NBK sin keeper og fastsette sluttresultatet til 0-2 for Rosendal/Uskedal og bortesiger.

Trenar Tor Gundersen er svært stolt av jentene som gir alt for å dra i land sigeren i denne kampen. Stå på jenter, så blir dette ein gøy sesong.

Jenter fra Uskedalen i dag: Ida Marie K. Eidsvik, Silje Soldal, Camilla M. Ripel, Thea S. Taranger, Amalie H. Rød, Sara Enæs (mamma frå Uskedalen) reknast som Uskedeling då.

*Namn på spelarane på biletet: Frå venstre: Lisa Jonetta Ølvestveit, Emma Ø. Klette (Delvis sjult), Marte Bøyum (ryggen til), Ida Marie K. Eidsvik (Ryggen til), Silje Soldal (Ryggen til), Camilla M. Ripel og Amalie H. Rød*

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Kjell Arne Brakstad

Nett: Hans Ordin Østebø